

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Brynet

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard: Gjeld alle

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

(Oppskrifta er dels etter eiga røynsle og dels etter heimelsmenn: gardbr. Lars Skeide, 78 år, og Maria Skeide, 82 år, begge Måndalen).

1. Vi har to slag kvessesteinar her i bygda. Det er bryne og hein. Bryne kallar vi den steinen som vi kvesser ljå, stuttljå, sigd, lauvjarn og øks med - etter slipinga. Heinen blir brukt til kniv, saks og høveljarn og annan snikkarambod.

2. Ein brukar mest bryne av naturstein, men i seinare tid har det vorte kjøpt eit og anna av kunststein og såkalla smergelbryne.

Her i bygda finst ikkje stein til bryne. Bryna har alltid vore innkjøpte utafra.

3. Alle reiskapar som treng nokor større kvessing, blir først slipa på rund slipestein. Etterpå blir dei så bryna eller heina. Er det berre svært lite som skal til for å gå bitjarnet kvast, brukar ein berre bryne eller hein.

4. Her er ingen som hugsar eller veit av at ljå eller sigd vart tynna ut med ein hamar istaden for å bli slipa. Kva tid skikken å slipa ljår kom til bygda, er det nok ingen her som veit no.

5. Ingen her veit av at det fanst nokon større eller mindre stein som låg still, og som det vart slipa reiskap på ved å føra dei fram og attende.

Regelen her er at slåttefolket ikkje tek med seg slipesteinen ut på slåttebøen. Men det har hendt dei har gjort det når slåtteteigen låg langt unna. Kor gamal den skikken er, er det ingan som veit.

6. Kor lenge ein kan slå med ljåen før ein må slipa på nytt, er så ymse. Det kjem an på kor mykje stein o.l. ein kjem borti når ein slør. Dersom ein ikkje steinhogg, slør ein som regel heile økta (3 t.). Men då må ein kunna å kvetja rett. Alle slåttekarar slippar når økta er ute, endå om ikkje ljåen er skjemd av stein.

2.

7. Dei fleste slåttekarane har berre eitt bryne med seg på slåttemarka. Ein og annan har og med seg eit smergelbryne på vona om dei steinhøgg for mykje. Smergelbrynet skal då gjera tenest som slipestein.

Ingen her brukar no brynestikke av tre etter at ljåen er kvetja med vanleg bryne. Men ei slik stikke av tre har vore brukt før. Maria Skeide (82 år) fortel at bestefar til mannen hennar brukte ei trestikke til "finpus-sing" av ljåen etter at han hadde kvetja med vanleg bryne. Men ho kan ikkje seia kva slag tre stikka var av. Det var hardt iallfall. Han brukte same stikka lenge og gøynde ho som eit bryne.

8. Slåttekaren tek sjeldan ljåen av orvet når han slipar, - og aldri gjer han det når ljåen er fest til orvet med ei tåg(tåger). Er han fest med jarnring, hender det at orvet blir attlagt på slåtteteigen, og berre ljåen blir teken heim til slipesteinen. Han som slipar, held stødt egga på ljåen mot seg.

9. Når ljåen (langorv) blir kvetja, set ein enden av orvet i marka framfor føtene og ljåen opp under venstre armen med odden fram. Orvet skal vera så langt at det rekk nett frå marka og opp under armen. Så legg ein venstre handa opp på ljåen (bakken) og kvetjar med høgre. Ein byrjar attarst på ljåen (ved kjøet) og dreg brynet skiftevis på kvar side og kvetjar lenger og lenger fram til ein er komen fram på odden. Så byrjar ein ved kjøet att og gjer like eins ein gong til. Slik gjorde gamlekarane stødt. No er ikkje denne regelen så heilt fast lenger. Sume byrjar fremst på ljåen, og sume byrjar på midten. _ Når ein kvetjar stuttljå(støttory, som vi seier), set ein enden av orvet mellom beina og står med føtene i kross og held det fast såleis. Elles kvetjar ein like eins som langljå.

10. Koppen som ein har brynet i, kallar vi brynstokk. Dei er laga av tre eller jarn (galvanisert), aldri av ler. Trebrynstokkane er enten uthola av eitt stykke, eller ihop-spikra eller nagla. Mange av dei unge brukar ikkje brynstokk i det heile. Dei har brynet enten i baklomma eller i eit spann på marka.

11. Gamle folk kan hugsa at brynet har vore bore i ku- eller oksehorn. Dei tok ut av hornet alt inni og bar det med grannenden ned.

12. Brynestokken hengde dei på seg etter ein kråk av jarn i beltet eller i bukselinninga. Dei fleste ber brynstokken rett bak. Ein og annan har han på sida.

13. Ein brukar alltid å bløyta brynet i vatn før ein kvetjar. Dei som ikkje har brynstokk som dei har vatn i, eller ei lita bytte eller eit lite spann, brukar å dra brynet etter grasnet når det er vått av dogg eller regn. Er det dogglaust, hender det at dei spyttar på brynet. Men det er reine naudråda det. Brynet blir ikkje godt av spytt. - Olje har ikkje vore brukt på brynet.

14. "Bryngør" kallar vi brynemjølet saman med vatn som blir når ein kvetjar.

15-16. Om bryngøret har vore brukt som middel mot ringorm t.d., har eg aldri høyrte. Heller ikkje veit eg av at det har vore brukt mot nokon annan skade.

17. Brynet blir aldri lagt i maurtuve eller jord før det blir teke i bruk . Ingen her veit av at det har vore brukt.

18. Nokor forteljing om at brynet talar, kjenner ein ikkje til her. Vi har heller ikkje noko rim eller dikt om brynet.

19-20. Her er ikkje nokor fråsegn om at ein har sagt noko visst når ein spytta på brynet. Vi kjenner heller ikkje nokor ramsel eller vise som slåttekaren seter fram under kvetjinga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

678